

Saksnr: 2019/73-3  
Saksbehandlar: Matti Torgersen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

| Utvall                                 | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet |             | 02.12.2019 |
| Fylkesutvalet                          |             | 30.01.2020 |

**Fv 615 – søknad om tilskot til utgreiing av ny/opprusta veg**

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet avslår søknaden om støtte til delfinansiering av utgreiing av kostnader og potensiale for brukarfinansiering for ny/opprusta fylkesveg 615.
2. Komande Regional transportplan må vurdere prioritering av planmidlar til dette prosjektet opp mot andre prosjekt i Vestland fylkeskommune.

**Samandrag**

Fylkesveg 615 går frå kryss med rv. 5 ved Storebru i Flora kommune via Hyen til Sandane i Gloppen kommune. Vegselskapet Midtvegen 615 AS har søkt Vestland fylkeskommune om kr. 100.000 i støtte for delfinansiering av utgreiing av kostnader og potensiale for brukarfinansiering for ny/opprusta fv. 615.

Fylkesrådmannen rår til at søknaden ikkje vert støtta, men at vidare prioritering av fv. 615 vert vurdert i samband med utarbeidning av ny regional transportplan.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

Dina Lefdal  
påtroppande fylkesdirektør for  
infrastruktur og veg

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Vegselskapet Midtvegen 615 AS har søkt Vestland fylkeskommune om kr. 100.000 i støtte til delfinansiering av utgreiing av kostnader og potensiale for brukarfinansiering for ny/opprusta fv. 615.

Fylkesveg 615 går frå kryss med rv.5 ved Storebru i Flora kommune via Hyen til Sandane i Gloppen kommune.

Fv. 615 mellom Storebru og Hyen har låg standard, og mesteparten av vegbredda er under 5 meter med sterkt varierande horisontal- og vertikalkurvatur. Større bilar må gjerne ned i fart eller stoppe ved møte med andre bilar. Det er eit parti med rasfare. I følgje Google reiseplanleggjar er gjennomsnittleg køyrefart på 52 km/t. Fartsgrensa er 80 km/t. Vegstrekninga er om lag 36 km. ÅDT ligg i følgje Vegkart.no på mellom 200 og 350 kjt/døgn.

Fv. 615 mellom Hyen og Sandane følgjer stort sett fjorden, og er av betre standard. Vegbredda er stort sett 5-6 meter. Gjennomsnittleg køyrefart er i følgje Google reiseplanleggjar om lag 60 km/t. Vegen langs Hyefjorden har fleire raspunkt, av desse eit med skredfaktor høg. Strekninga er om lag 32 km. I følgje vegkart.no er ÅDT på 350 kjt/døgn på det meste av strekninga, men aukande til 1550 kjt/døgn i nærleiken av Sandane.

I april 2017 presenterte vegselskapet Midtvegen 615 AS ein trafikkanalyserapport med 6 ulike alternativ for å kople midtre Nordfjord tettare på Rv 5-aksen Florø – Naustdal – Førde. Det var berre trafikktal (ÅDT – årleg døgntrafikk) som vart analysert/utrekna då. Dei ønskjer no å presentere ein rapport der dei og tek med kostnader og potensiale for brukarfinansiering.



Det vart sett på 6 ulike alternativ. I søknaden frå Midtvegen 615 AS går det fram at det er følgjande trasear som dei ønskjer å vurdere:

- Alternativ 4. Hovudsakleg ny trasé mellom rv. 5 og Hyen, dagens veg Hyen – Sandane
- Alternativ 5. Hovudsakleg ny trasé mellom rv. 5 og Hyen, dagens veg Hyen – Sandane og ny ferje Kviteneset – Lote.

Skilnaden på dei to alternativa er altså at ein i alternativ 5 vurderer ferje mellom Kviteneset og Lote, dette ligg ikkje inne i alternativ 4. Begge alternativa inneber ny veg mellom rv. 5 ved Svarthumle med tunnel til Øyane, samt ny trase langsetter eksisterande veg mot Hyen.

Eit nytt ferjesamband Kviteneset – Lote reduserer distansen mellom Hyen og Nordfjordeid med 29 km. Ny veg mellom Hyen og rv. 5 vil redusere veglengda mellom Å ved Hyen og Florø med 5 km og mellom Førde og Å ved Hyen med 16 km. Køyretida Å – Florø blir redusert med ca. 15 minutt og over 25 minutt mellom Å og Førde.

Det er gjort ein trafikkanalyse som viser at trafikken kan auke til 1130-1360 kjt/døgn (ÅDT) i alternativ 4 mellom Svarthumle og Hyen, og til ÅDT på 1590-1630 kjt/døgn i alternativ 5. På strekninga Hyen – Kviteneset kan trafikken auke til 1080 kjt/døgn for alternativ 4 og 1590 kjt/døgn i alternativ 5. Dette er dels ny trafikk, men også trafikk som vil køyre via fv. 615 i staden for E39.



## Vedtakskompetanse

Etter økonomireglementet pkt. 1.1. vedtek fylkestinget årsbudsjett og økonomiplan for fylkeskommunen.

Etter økonomireglementet pkt. 2.2. har fylkesutvalet mynde til gjere budsjettendringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet.

Etter økonomireglementet pkt. 3.2 har hovudutvala mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglementet og dei årlege budsjettvedtaka.

## Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Bruk av midlar til dette prosjektet inneberer lågare rammer til andre tiltak.

**Klima:** Ikke relevant.

**Folkehelse:** Ikke relevant.

**Regional planstrategi:** Ikke relevant.

Fv. 615 er ikke prioritert i Regional transportplan for Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2019-27. I budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 for Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg det inne 3,1 mill. kr til punktutbetring på fv. 615 Hyen – Storebru i 2019 og 7,2 mill. kr. i 2020.

Fylkesrådmannen tek sikte på å starte opp arbeid med Regional transportplan for Vestland fylkeskommune våren 2020. I denne tilhøyrande handlingsprogram vil prioritering av ulike prosjekt bli vurderte.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig å bruke Regional transportplan for å få ei samla vurdering av kva for prosjekt som skal prioriterast for vidare planlegging slik at vi ikke nyttar midlar på prosjekt som ikke let seg finansiere. På denne bakgrunn rår fylkesrådmannen til at søknaden ikke vert støtta.

## Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at søknaden ikke vert støtta, men at vidare prioritering av fv. 615 vert vurdert i samband med utarbeiding av ny Regional transportplan for Vestland fylkeskommune.